

Opningshelsing til Nasjonal konferanse for Universell Utforming , Flora 04.06.13

Hjertleg velkommen til Sogn og Fjordane, og som ordføraren nettopp har sagt til vakre Flora, som også er min heimby. Florø ligg omtrent så langt vest som vi kjem i landet vårt og på klare dagar kan vi sjå oljeplattformer ute i havet og vidare nesten heilt til Shetland.

Sogn og Fjordane er så heldig å vere fylket som ligg midt på Vestlandet, den mest verdiskapande regionen i Norge. Vi er ikkje så stort fylke i folketal, men vi er eit relativt stort fylke i areal og mange meiner vår Herre har gitt oss i rikt monn når det gjeld topografi med djupe og lange fjordar og høge fjell. Vi pleier å spøke med at her finn vi prototypen på Vestlandsbonden, han dyrkar marka på begge sider i brattlandet, men det er vel også denne generøsiteten frå vår Herre som har gjort at vi er velsigna med så store naturressursar .

Nokre av dei største petroleumsforekomstane ligg like utafor stovedørene våre. Vi er eit stort eksportfylke på rein energi. Vi er i tillegg det fylket som har størst potensiale for å utvinne ny, fornybar energi - både vatn og vind.

Fjordane våre er kåra til verdas beste reisemål mange gonger av store internasjonale tidsskrift, og vi har fleire verdsarvområde midt i kvardagen vår. Mange tykkjer vi ligg midt i smørauget, men den rike naturarven gjev også ein del utfordringar og eit stort ansvar. Vi må vere medvitne på korleis ta vare på arven samtidig som vi kan utvikle han vidare med bærekraft som overskrift.

Sogn og Fjordane skårar høgt på mange statistikkar. Vi har flest elevar som gjennomfører vidaregåande opplæring, og elevane våre både i grunnskulen og vidaregåande skule har eksamensresultat i Norgestoppen på linje med Oslo og Akershus. Faktisk er det så spesielt at det no er satt i gang eit forskingsprosjekt for å finne ut kvifor.

Vi er saman med Rogaland dei mest fruktbare fylka. Vi har lågast sjukefråvær. Vi har høgast andel sysselsatte innvandrarak og vi har minst arbeidsløyse. Vi er få uføre og vi lever lenger enn dei fleste andre. Kanskje ikkje så rart at vi sperra augene vantru opp då det for ikkje så lenge sidan kom statistikk som viste at våre ungdommar dei siste åra hadde lagt meir på seg enn ungdom i andre delar av landet. Det vert studert vidare på dette, men det syner uansett at gode vanar ikkje alltid vil leve vidare av eiga kraft, men at det er viktig med kunnskap

og merksemd for å kunne tilrettelegge for gode vanar istadenfor å måtte reparere.

Eg er stolt av at Sogn og Fjordane er 100% nynorskfylke – i fjor vart vi kåra til årets nynorskkommune og fylkestinget har vedtatt at vi skal arbeide aktivt for nynorsken sin posisjon lokalt og nasjonalt. Tilslutt i mi oppramsing må eg få framheve at det vert påstått at Sogn og Fjordane ligg på topp når det gjeld tilkomst for rullestolbrukarar. Når ein tenker på at vi er eit grisgrent fylke med mange små samfunn, mykje brattlendt terreng og relativt store avstandar tykkjer eg det er er ei lita fjør i sydvesten.

Og – klarar vi, så kan andre klare det også. Som desse konferansedagane heilt sikkert fleire gonger vil streke under, så handlar det om å planlegge frå starten av t.d. innan arealplanlegging. Det handlar om å ha rett kompetanse teknisk, for arkitektar, ingeniørar, landskapsplanleggarar osv. Eg er heilt sikker på at eit stor tal hindringar som vert skapte fordi ein ikkje har god nok kunnskap om kva som til for å tilrettelegge etter universelle standardar.

Eg har sjølv vore med på synfaringar for å sjå på nyoppretta haldeplassar for busstransport der dei som har planlagt og utført arbeidet har trudd dei har gjort ein god jobb. Til si store overrasking og forskrekking har dei måtta innsjå at ein rullestol faktisk har behov for større svingradius enn dei var klar over. Dermed må jobben gjerast om att til store ekstra kostnader, og ein har eigentleg kasta pengar ut glaset.

No har eg ramsa opp ei lang skryteliste over dette fylket sine fortrinn. Det kostar ein Sunnfjording ein heil del, for vi er egentleg eit arbeidsomt og stilfarande folkeslag som gjerne vil ete maten vår før vi tek store avgjerder. So seier i alle fall gamle historier sikkert ført i pennen av Sogningar, eller naboar sør og nord for oss. Så de skjønner vi har våre fogderifeider å halde i hevd slik som veldig mange andre regionar og lokalsamfunn rundt om i landet. Men bygdedyra dei har vi jaga til storbyane. Det beviser sentraliseringa.

Spøk til side. Sogn og Fjordane har lenge jobba systematisk med folkehelsearbeid. Det starta faktisk på slutten av -80 talet med dåverande fylkesordførar Julius Fure som fekk vedtatt eit prosjekt, der trivsel, tryggleik og folkehelse var heilt sentrale element. Sidan har folkehelseperspektivet vore ein naturleg del av planstrukturane og innarbeid i fylkespolitikken i Sogn og

Fjordane . Fylket var tidleg ute som fyrårnfylke og har lang erfaring med partnerskapsarbeid med kommunane, fylkesmannen, helseforetak, høgskulen med fleire og ikkje minst med frivillege organisasjonar. Det handlar mykje om det eg vil kalle kvardagstiltak, om å snu tankegang til beslutningstakarar både administrativt og politisk og ikkje minst handlar det om kunnskap og livskvalitet, om forebygging og tilrettelegging.

Her i fylket tok fylkestrafikktryggingutvalet ei tydeleg rolle innan skadeforebyggande arbeid og kobla seg mot folkehelsearbeidet. Vi har to kommunar Årdal og Høyanger som tidleg vart godkjende som Trygge lokalsamfunn og dette gav inspirasjon til at Sogn og Fjordane fylke også skulle få same status. I 2005 vart vi godkjent som Safe Community av WHO og vi vart regodkjende i 2011. Arbeidet etter modellen av trygge lokalsamfunn kjem de til å få høyre meir om seinare. Eg anbefaler det sterkt, for det er veldig konkret, det bygger nettverk og det syner att i lokalmiljøet på ein positiv måte.

I 2011 bestemte også fylkestinget at fylkeskommunen skulle starte ei langsiktig satsing for å forebygge skader og ulukker i kommunane etter WHO modellen til Trygge lokalsamfunn. Fylkestinget har vidare vedtatt at universell utforming skal vere eit av seks overordna mål for all fylkeskommunal verksemd. Handlingsplan for Universell utforming vart vedteken av fylkstinget i 2006 med rullering kvart 4. år.

Fylkeskommunen har i ei årrekke hatt eit aktivt fylkesråd for funksjonshemma som er vaktbikkje for å sjå til at ein oppfyller lovverk og plikter og dei peiker mellom anna med stort engasjement gjennom høyringsuttaler på korleis ein kan finne konkrete løysingar både innan tranport og offentlege bygningar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har som overordna mål at det skal takast omsyn til universell utforming i heile den fylkeskommunale verksemda.

Sjølv om universell utforming er lovpålagt m.a. i plan og bygningslova og likestilling og diskrimineringslova frå 2009, har vi sett det som nødvendig å jobbe aktivt med å auke bevisstgjerig, heilskapstenking og auka kompetansen frå plan til gjennomføring. Sogn og Fjordane fylkeskommune har saman med fylkesmannen deltatt i K1 nasjonalt utviklingsprosjekt for fylke og kommunar sidan 2011. Flora, Førde og Sogndal kom med i 2012.

Fylkeskommunen har koordinert og vore arrangør eller medarrangør til ei lang rekke temaseminar, kurs og konferansar i samarbeid med ulike instansar i løpet av 2011 – 13. Universell utforming er viktig i helsefremjande og skade- og ulukkesforebyggjande arbeid. Plan- og samfunnsavdelinga i fylkeskommunen har derfor vore pådrivar for å auke kompetanse og gjennomføringsevne kring universell utforming i fylket og koble dette til trygge lokalsamfunnsatsinga.

Det er etablert ei intern tverrfagleg universell utformings-arbeidsgruppe med deltakarar frå dei fleste avdelingar i verksemda. Plan- og samfunnsavdelinga er sekretariat for arbeidsgruppa.

Det er etablert eit fylkesforum for universell utforming. Dette er eit nettverk mellom ulike sektorar, statlege, fylkeskommunale, kommunale, private og frivillege aktørar som arbeider for og har interesse for universell utforming i fylket. Her har plan og samfunnsavdelinga ansvar for koordinering og sekretariat. Arbeidet har integrering og systemutvikling som viktige grep, og har liten grad av prosjektretta tiltak.

For meg er det viktig å understreke to underliggande idear for universell utforming.

Betre funksjonalitet er til gelde for alle, ikkje berre personar med nedsett funksjonsevne.

Sosial medverknad og sosial tilhøyre gir respekt og hindrar stigmatisering. Desse underliggande ideane høyrer heime i ryggmargsrfleksen til einkvar person, folkevald eller byråkrat når ein skal utforme kvardagstilgjenge og skape arenaer for tilhøyrgheit i eit lokalmiljø. Vi har enno eit stykke å gå før vi er der, men med eit klart lovverk er rammene vorte tydlegare. Vi må likevel ikkje tru at ting går av seg sjølv.

Det er stadig aktuelt og viktig å "avlive" mytar om at universell utforming er fordyrande. Det er ikkje lenge sidan eg høyrde framtrédande nasjonale politikarar gremje seg over strenge og fordyrande krav til livsløpsstandard i bustader. Det er ei stor oppgåve å motbevisse slike påstandar og myter.

Vi meiner derfor at å sjå universell utforming også i eit skade- og ulukkesforebyggjande og folkehelse perspektiv kan bidra til at fleire kan sjå og forstå nytteverdien av at universell utforming er ein viktig helsefremjande

faktor for sosial og fysisk deltaking i samfunnet. Samtidig er det klart viktig for å forebygge skader som medfører store samfunnskostnader og menneskeleg tap og lidning. I følge tal frå Helsedirektoratet dør 1900 menneske årleg på grunn av skader og ulukker i Norge. Med auka kunnskap og kompetanse om universell utforming som strategi for førebygging i alle ledd, meiner vi mange ulukker og skader kunne ha vore unngått og store samfunnskostnader kunne ha blitt sparte.

Sett frå eit forretningsmessig perspektiv må universell utforming og tryggleik vere eit viktig konkurransefortrinn for auka innsalg og omdømmebygging både i turist- og handelsnæringa. Det er ikkje minst viktig i eit fylke med turistmål som Sogn og Fjordane.

Før eg sluttar vil eg berre nemne nokre få ord om det store jubileet som vi har i Sogn og Fjordane i 2013. Vi feirar nemnlig 250 år som eige fylke. Det er 250 år sidan vi sa takk for oss til Bergenhus amt og lærte å stå på egne bein. Vi feirar gjennom heile året, eigentleg etter mal frå Florø by som var 150 år for få år sidan.

Vi ser tilbake på røttene våre, for det er viktig å kjenne si eiga historie og ha stoltheit og eigarskap til denne. Men først og fremst ser vi framover. Det er framtida som skal forme fylket vidare og i det bildet er ungdommen heilt avgjerande. Derfor er engasjement for og med ungdom ein raud tråd i feiringa og arrangementa gjennom heile året. Det starta med ungt entreprenørskap og vil bli avslutta med ein stor jubileumskonsert med Kringkastingsorkesteret i lag med egne unge talent frå fylket. Mellom desse to punkta ligg hendingane som perler på ei snor, kanskje finn de også noko av interesse.

Eg håper i alle fall at de får to flotte konferansedagar her, at de får sjå litt av den flotte byen. De kan glede dykk til besøket på Svanøy i kveld. Eg er ganske lei meg for at eg ikkje kan vere med dykk. Eg håper de reiser heim igjen med inspirasjon, nye kontakter og mange gode minner frå Sogn og Fjordane og Flora.

Lukke til med konferansen.

